



## Støtt Kirkens Nødhjelps fasteaksjon!

### **For én milliard menneske byr dagen i dag på denne utfordringa: Korleis overleve med mindre enn åtte kroner i lomma?**

Meir enn én milliard menneske lever i dag i ekstrem fattigdom. Det betyr at dei har mindre enn åtte kroner (1,25 amerikanske dollar) å leve for per dag. Mange må leggje seg svoltne kvar kveld. Dei manglar gjerne jobb, elektrisitet, skulegang, reint vatn – eigentleg det meste av det vi i Noreg – og her i Årdal – tek for gitt. *Må* det vere slik?

Fattigdommen har mange årsaker. I fattige lokalsamfunn rundt om i verda er det mange menneske som ikkje har moglegheit til å få ein jobb eller til å skape seg ei inntekt. Tilgangen til banktenester, slik at dei kan kome i gang med ei eiga verksemd, er svært dårleg. Samtidig ser vi at verdiane frå naturressursar som olje, gull og mineral strøymer ut av fattige land i staden for at dei kjem befolkninga til gode. Pengane hamnar i lommene til store, multinasjonale selskap eller hos ein liten elite i landet. Tanzania er eit klart eksempel på dette. Landet er Afrikas tredje største produsent av gull, likevel lever kvar tredje tanzanianar under fattigdomsgrensa. Mindre enn ti prosent av verdiane frå gullet blir igjen i Tanzania.

Kirkens Nødhjelp tek fattigdomsproblemet ved rota. Saman med partnerorganisasjonar i Tanzania jobbar dei blant anna for å skape større openheit om inntektene frå gullgruvene og for at gruveselskapa skal leggje igjen meir i skatt, slik at gullet også kjem folk flest til gode. Kirkens Nødhjelp ber også finansministeren i Noreg om å sikre at ingen norske selskap snyter på skatten i fattige land. Organisasjonen har dessutan starta meir enn 1000 spare- og lånegrupper for å kjempe mot fattigdom i Tanzania. Her får folk moglegheit til å ta opp små lån frå ein felles oppspart pott, slik at dei kan kome i gang med eiga gründerverksemd og jobbe seg ut av fattigdom. Mange har fått eit heilt nytt liv: der dei kan ete seg mette, sende barna på skulen og kjenne ei utruleg stoltheit over det dei har fått til.

Saman kan vi kjempe for ei framtid utan fattigdom. 27.mars går Kirkens Nødhjelps fasteaksjon av stabelen. Då kjem konfirmantar og andre bøsseberarar til alle husstander i Årdal. Pengane går til Kirkens Nødhjelp over heile verda.

Støtt opp om Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2012!

Helsing Sokneråda i Årdal

